

## Registrere forsamling i Brønnøysund

For Tankesmia, Arild Løvås, Mai 2017

Etablerte forsamlingar bør registrera seg i Brønnøysund-registrene. Det fører forsamlinga inn under eit utprøvd lovverk som gjev orden på samfunnsmessige/finansielle sider ved drifta av forsamlinga.

Der er i praksis tre ulike typar føretak som kan vera aktuelle for ei forsamling, som vi kort omtalar her.

### Aksjeselskap (AS)

Dette er den mest formelle og mest omfattande føretaks-typen. Her føl det med ein heil del formelle plikter, som for eksempel:

- Strengt rekneskapsmessige forpliktingar
- Regelmessig rapportering til offentlege instansar
- Kan bli krav til ekstern revisjon

AS-forma er innretta mot drift av kommersielle selskap. Det kan vera aktuelt for store forsamlingar, som gjerne også har ei eigeidomsforvaltning, å registrera seg som eit aksjeselskap. Men for dei fleste forsamlingar vert denne forma for omfattande i høve til behovet.

### Stifting

Dette er ein føretaks-type som vert stadig mindre brukt, den er på veg ut. Ei ulempe med denne forma er at den krev svært omfattande vedtekter, der ma. føremål og forvaltning av rest-aktiva (ved eventuelt opphøyr av forsamlinga) må vera grundig spesifisert. Alle sider ved drifta og eventuell nedlegging må vera gjennomtenkt og bestemt. Ein tilrår ikkje forsamlingar å registrera seg som stifting.

### Foreining/lag/innretning

Det er denne føretaks-typen som er aktuell for dei aller fleste forsamlingar. Og dei viktigaste grunnane er :

- Den enklaste føretaks-typen
- Gjev størst fridom i høve til drifta
- Ikkje krav om rapportering til styresmaktene

Som foreining/lag/innretning kan ein ha arbeidsgjevar ansvar, og den opninga er grei å ha med seg.

Ei registrering i Brønnøysund gjev forsamlinga eit organisasjonsnummer. Dette tilsvarar eit personnummer for ein person – ein unik identifikasjon for alle føretak i Noreg.

Organisasjonsnummeret er nødvendig for å få oppretta ein bankkonto for forsamlinga. Det er ikkje tilrådeleg å oppretta ein forsamlingskonto i ein privat-person sitt namn (for eksempel styremedlem).

God rettleiing mm finn du på [Brønnøysundregistrene si web-side](#).

AL/30.05.2017